



Alver kommune, Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: b2c37432-b9ff-4ee9-a6b8-3cc9c9a13e0d

Vår: 22/7179 - 22/77010

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

07.10.2022

Uttale - søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - gbnr 323/261 Frekhaug

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense - Carport
Byggjestad: Gbnr: 323/261
Tiltakshavar: Torbjørg Eitrheim Bergersen
Ansvarleg søkjar: Torbjørg Eitrheim Bergersen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for oppføring av carport.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for industriområde Mjåtviet/Frekhaugmarka, planid: 125619780310 er definert som bustad.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale vedkomande søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg.

Det er ikkje lagt ved situasjonskart der avstander til vegmidt og grense mot veg er vist. Kartet viser heller ikkje kommunale leidningar i vegen.

Det er i søknad opplyst om at minste avstand mellom carport og grense mot veg er 4,65 meter. Dette stemmer ikkje. Det kan sjå ut som at måling er utført til grense mellom veg og nabotomt på motsett side av kommunal veg. Grense mot kommunal veg går langs vegkant.

Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg er opplyst å være 3,10 meter.

Ut i frå søknad vil carport vil være plassert nærare kommunalt leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter. Avstand frå leidningsnettet utløyser krav om søknad om dispensasjon frå avstandskrav (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelser» kap. 3.4)

Alver kommune




Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922



Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert saka og meiner at ein kan gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår:

- Carport skal være plassert slik at den ikkje kjem i konflikt med tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i regelverk. I regelverket vert det, blant anna, sett krav til sikt i avkjørsle. Carport må være plassert utanfor avkjørsle sin siktzone, da siktsoner ikkje kan nyttast til parkering/hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå.
- Føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, er at det vert gitt dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelser» kap 3.4).
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skade på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og veglys), er dette kommunen utedkommande. Eigar av tiltak må sjølv sørge for utbetring og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG